

Vaksne med alvorleg psykisk lidning døgntil behandling

Alvorleg psykisk lidning, d.v.s. psykoselidingar, alvorleg depresjon, mani eller bipolar lidning, er forholdsvis sjeldne tilstandar og ca. 1-3,5 % av innbyggjarane vil få ei psykoseliding i løpet av livet. Alvorleg psykisk lidning kan føre til langvarig og stort funksjonsfall og omfattande hjelpebehov, mens andre kan ha eit meir kortvarig sjukdomsforløp. Pasientar med alvorleg psykisk lidning får ofte både poliklinisk behandling og døgntil behandling i spesialisthelsetenesta.

Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år som i 2014–2018 hadde minst eitt døgntil opphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar, med alvorleg psykisk lidning som hovud- eller bitilstand er inkludert. Alvorleg psykisk lidning er definert ved ICD-10-kodane F20–29, F30.1, F30.2, F30.8, F30.9, F31, F32.3, F33.3.

Døgntil opphald er definert som opphald på meir enn null døgn i psykisk helsevern eller TSB. Døgntil opphald med mindre enn åtte timar mellom utskriving og ny innskriving er slått saman. Opphald lengre enn 365 dagar er ekskludert. Årsratane er registrert på året pasienten blei utskriven.

Buområde	Tal pasientar	Tal opphald	Døgn per opphald
OUS	403	619	42,4
Diakonhjemmet	197	278	41,3
Østfold	384	653	34,1
Ahus	648	1 055	33,8
Bergen	774	1 420	32,6
Vestre Viken	607	1 093	32,2
Innlandet	482	901	31,9
Lovisenberg	339	537	31,7
Vestfold	307	526	30,8
Stavanger	721	1 426	29,9
Førde	130	255	29,8
Telemark	269	538	27,9
St. Olavs	462	985	27,2
Møre og Romsdal	386	778	27,1
Nord-Trøndelag	167	329	26,5
Helgeland	110	196	26,0
Nordland	194	331	25,4
Sørlandet	502	1 037	23,8
Finnmark	161	370	21,7
Fonna	307	735	20,3
UNN	360	1 091	16,5
Noreg	7 920	15 151	29,1


Døgntil behandling for vaksne (18–64 år) med alvorleg psykisk lidning i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal pasientar, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år hadde 7 920 vaksne med alvorleg psykisk lidning døgntil opphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling, til saman over 15 100 opphald per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 1,9 til 3,5 vaksne med alvorleg psykisk lidning i døgntil behandling per 1 000 innbyggjarar per år.

Opphaldsraten varierte i buområda frå 3,1 til 9,4 døgntil opphald per 1 000 innbyggjarar, med 4,7 som gjennomsnittleg årsrate. Opphald for vaksne med alvorleg psykisk lidning varte i gjennomsnitt 29 døgn, og varierte mellom buområda frå 16 til 42 døgn per opphald.



Kjelde: NPR/SSB
Opphaldsrater for vaksne med alvorleg psykisk lidning i døgntil behandling. Tal døgntil opphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Det er stor variasjon i døgntil behandling for vaksne med alvorleg psykisk lidning, sjølv om variasjonen i pasientrate er liten. Pasientar i nord har kortare døgntil opphald, mens opphald i Oslo-områda har lengst varigheit.

Det er uønska variasjonar i døgntil behandling av vaksne, og dette er særleg tydeleg for pasientar med alvorleg psykisk lidning.